



NVE, konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSOsloLO

Dato: 15.09.2014
Vår ref.: 2014/17209-6
Saksbehandlar: solsond
Dykkar ref.:

Fråsegn søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet, Kvinnherad kommune

Vi viser til brev frå NVE av 2. juni der fylkeskommunen blir bedt om å vurdere søknaden frå Ølve Bruk AS (Alsaker fjordbruk as) om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune og kontakt med NVE om utsett frist for fråsegn.

Bakgrunn:

I tilknytning til ein søknad om utviding av smoltproduksjon, søker Ølve Bruk AS om å ta ut vatn og regulere Kvitebergsvatnet. Det er søkt om eit kontinuerlig vassuttak på 16 m³/min (tilsvara 270 l/s) og ein regulering på 1,2 m mellom kote 8,8 (LRV) og 10,0 (HRV). Det er planlagt ein minstevassføring på 70 l/s. Bakgrunn for søknad er at Ølve Bruk AS har eit ynskje om å sikre sine matfiskeanlegg i sjø med smolt frå eigne anlegg i framtida. Ølve Bruk AS har i dag konsesjon på 50.000 sjødyktige settefisk av laks, aure og regnbogeaure, og ein eksisterande regulering på 0,8 meter.

Vedtak etter kulturminnelova, Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune (sakshandsamar Lars Øyvind Birkenes)

Til vedtak:

- Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljerte planar som omfattar alle planlagde inngrep av varige og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
- Tiltaket sin innverknad på kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid bør vurderast.
- Vassføring i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er kjent svært mange automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne rundt Kvitebergsvatnet. Det har mellom anna vore storstilt drift av steinbrot i området, spesielt på sør- og austsida av vatnet. I alt er det kjent om lag 20 steinbrot og hellarar i området rundt vatnet, der spesielt produksjon av baksteheller har dominert. Nokre av hellarane ligg ned mot vatnet og i alle høve ein vil verta direkte påverka av auka vannstand, id. nr. 66385 (Ingeridhidleren). Potensialet for fleire funn, både i og langs vatnet, er stort.

Når det gjeld kulturminne frå nyare tid er det også kjent mange i og langs vatnet, t.d. nausta og nausttuftene i Ambarevika, ruin etter kvern og korntørke samt oppgangslag i Slaggelva, naust og nausttufter i Attramadal, på Tufta og på Røyranen. Det må også nemnast spor etter gruvedrifta i Attramadal.

Ei oppdemming vil truleg råka i alle høve eitt kjent automatisk freda og fleire nyare tids kulturminne direkte. Elles vil konsekvensane vera knytt til visuell påverknad på nærliggjande kulturmiljø som bergverksdrifta rundt Kvitebergsvatnet representerer.

Vurdering og tilråding

I konsesjonssøknaden står det på side 20, punkt 3.10 at innvirkning på kulturminner er lite relevant og viser berre til ruinen av kverna i Slaggelva. Ingen andre kulturminne er omtala eller vurdert i konsesjonssøknaden. Vi kan ikkje sjå at vurderinga er basert på synfaring av arkeolog eller andre med kulturminnekompetanse eller at potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne er vurdert av arkeolog.

Utbygginga råkar truleg i alle høve eitt automatisk freda kulturminne direkte, samt truleg fleire kulturminne frå nyare tid. Det vil og få ei viss visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø, både på grunn av auka vannstand og eventuell redusert vassføring i elva. Vassføring i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad. Dette bør gå fram som krav i konsesjonen.

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljerte planar som omfattar alle planlagde inngrep av varige og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Konklusjonen:

Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven må oppfyllest i god tid før iverksetjing av tiltak. Tiltaket sin innverknad på kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid bør vurderast. Vassføring i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad.

Vurdering frå Klima- og naturressursseksjonen, Regionalavdelinga:

Kvitebergsvatnet har vore regulert 0,8 meter dei siste 30 åra. Ei auke i reguleringshøgde på 0,4 m til totalt 1,2 m vurderer vi til å ha liten til moderat negativ effekt på friluftsliv i området.

Vassdraget er i dag sperra for oppgang av anadrom laksefisk, mens ål truleg vandrar opp i vassdraget. På lang sikt kan det vere eit mål å fjerne fiskesperra i vassdrag. Ei eventuell utviding og auka reguleringshøgde bør ha avbøtande tiltak for å ikkje gjere oppgang av ål vanskeligare. Hordaland fylkeskommune har forvaltningsansvar for ikkje-anadrom ferskvannsfisk som ikkje er trua. Hordaland fylkeskommune vurderer søknaden til å ha liten negativ verknad for aure i vassdraget. Vassdraget er noko brukt til sportsfiske, utan at fylkeskommunen er kjent med omfanget.

Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdere krav om resirkuleringsteknologi for å redusere vassuttaket og trong for regulering av Kvitebergsvatnet. Resirkulering av vatn vil kraftig redusere behov for vassuttak og regulering. Om det er praktisk og økonomisk mogleg vil det vere den beste løysninga. Søknaden har ikkje vurdert dette alternativet. Hordaland fylkeskommune rår NVE til å vurdere om krav om resirkulering av vatn er ein aktuelt her.

Gudrun Mathisen
seksjonsleiar

Sølve Dag Sundbø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.